

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø (Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)

**Sendt:** 19.06.2015 09:34:05

**Til:** 'Laila Klemetsaune'

**Kopi:** Anne Mette Nesje Porten

**Emne:** SV: Utsending av førebels søknadskjema og presentasjon av prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse"

**Vedlegg:**

Hei Laila,

Kjekt at de har lyst å søkje som deltakarkommune.

Vi jobbar med å ferdigstille skjemaet no. Håper å få ut endeleg versjon i løpet av tysdag neste veke og seinast onsdag. Dette er grunna i at regional direktør Bård Sandal må sende det ut og han er svært oppteken til midt i neste veke. Håper det er rekk for dykk. Det blir ikkje dei store endringane i høve det skjemaet som du fekk tilsendt, så bygg rundt det. Dette skjemaet byggjer igjen på den ramma Helsedirektoratet har sett for søknad frå HKF.

Med beste helsing

Else-Marie Aarø

---

**Fra:** Laila Klemetsaune [mailto:laila.klemetsaune@sund.kommune.no]

**Sendt:** 16. juni 2015 08:36

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø; Anne Mette Nesje Porten

**Emne:** SV: Utsending av førebels søknadskjema og presentasjon av prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse"

Hei!

Eg skal ha eit møte i dag med Anne Grethe og kristin som var saman med meg på folkehelsesamlinga på Askøy for å vurdera om Sund skal søkja. Det er svært viktig at vi får det endelige søknadsskjemaet tidleg i neste veke. Eg startar ferie i veke 27. Det same gjer Rådmannen og andre partar som må involverast.

Laila

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø [mailto:[Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no](mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)]

**Sendt:** 12. juni 2015 15:59

**Til:** 'bgu@oygarden.kommune.no'; 'finn.markussen@bergen.kommune.no'; 'geir.ove.fosse@kvinnherad.kommune.no'; 'magnhild.branstveit@granvin.kommune.no'; 'helge.dyrkolbotn@austrheim.kommune.no'; 'jeanett.nesse@fjell.kommune.no'; 'jens.harald.garden@askoy.kommune.no'; 'reikju@kvam.kommune.no'; 'kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no'; Laila Klemetsaune; 'sigrid.fangel@sveio.kommune.no'; 'meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no'; 'Nils.F.Kvamme@voss.kommune.no'; Anne-Beth Njærheim; 'reginanaja76@hotmail.com'; Rolf Bøen; 'sigrid.dagestad@ullensvang.herad.no'; 'lisbeth.bystad.celik@eidfjord.kommune.no'; 'tove.agdestein@stord.kommune.no'; Vibeke Stoltz; 'helga.ellingsen@masfjorden.kommune.no'; 'grete.heroy@fedje.kommune.no'; 'anjo@fitjar.kommune.no'; 'anne-lise.aaseng@fusa.kommune.no'; 'eldbjorg.hammer@jondal.kommune.no'; 'marit.voltersvik@lindas.kommune.no'; 'tord.moltumyr@meland.kommune.no'; 'oddvin.neset@modalen.kommune.no'; 'jvaa@os-ho.kommune.no'; 'helge.vallestad@radøy.kommune.no'; 'harald.johnsen@ulvik.kommune.no'; 'Silje-Iren.Olsen@Vaksdal.kommune.no'; 'roar.hansen@nordhordaland.no'

**Kopi:** Anne Mette Nesje Porten; Bård Sandal

**Emne:** Utsending av førebels søknadskjema og presentasjon av prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse"

*Til kommunane i Hordaland ved folkehelsekontaktane.*

Syner til tidlegare epostar frå Hordaland fylkeskommune ved Anne Mette Nesje Porten og informasjonsmøte den 10.06, om deltaking i utviklingsarbeid om «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse».

Sender med dette ut orienteringa gjeve til kommunane som møtte på informasjonsmøtet, førebels utkast til søknadsskjema, samt grunnlagsdokumentet frå Helsedirektoratet. Invitasjonsbrevet har de fått tilsendt tidlegare på e-post. I det førebelse søknadsskjemaet finn de ein link til det søknadsskjemaet på Alt inn fylkeskommunen skal nytte. Kommunen skal ikkje søkje via Alt inn, men sende søknad via [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) og med kopi til [else-marie.aaro@hfk.no](mailto:else-marie.aaro@hfk.no) innan 24 07.15.

Hordaland fylkeskommune har fått utsett søknadsfrist til **01 09 15**. Tida er likevel knapp og etter råd frå kommunane på informasjonsmøtet set vi frist for innsending av søknaden i slutten av juli slik at vi kan få til ein god utvalsprosess tid å formulere endeleg søknad. Vi gjer merksam på at det kun er 7 fylker får delta i prosjektet.

Tidsplanen framover vert slik:

- Veke 24/25: Utsending av e-post med informasjon og førebels søknadsskjema (denne eposten).
- Veke 26: Utsending av endeleg søknadsskjema med vurderingskriterier for val av kommunar.
- 24.07: Frist for innsubmitting av søknad til Hordaland fylkeskommune.
- Veke 31-32: Hordaland fylkeskommune utarbeide notat som grunngjer val av kommunar – dialog med kommunane.
- Veke 34-35: Hordaland fylkeskommune ferdigstiller søknaden.
- 01.09: Søknadsfrist til Helsedirektoratet.

Økonomi og eigen finansiering frå kommunane.

Det kom opp i informasjonsmøtet den 10.06 ønske om at vi vert tydelegare på økonomi og forventingar knytt til kommunane.

Fylkeskommunen må utarbeide eit budsjett og fordele ein total ressurs på kr 2 mill. over 3 år. I tillegg er det forventa eigne ressursar frå både fylkeskommune og kommunar – som også må leggast inn i budsjettet og knyte til aktivitet.

Minst tre kommunar – geografisk spreidd – kan delta i prosjektet. Det er kome innspel frå Helsedirektoratet på at sidan vi er så mange kommunar i Hordaland bør deltakarkommunar vere fleire enn 3. Ressursar tenkt til kvar kommune fordelt over 3 år er inntil kr 400 000.- ved tre kommunar. For 4 deltagande kommunar vert summen inntil kr 300 000. Vi må som fylkeskommune når vi ser interessa frå kommunane ta stilling til tal på deltakarkommunar.

Delar av midlane kan nyttast til «frikjøp» av ressurspersonar/prosjektutviklar, noko skal gå til kartleggingsprosessane i kommunen, kompetanseheving og erfaringsdeling osb. Det er også naturleg å tenkje seg at midlane kan fordelast ulikt over dei tre åra og mest i 2016 sidan det er då kartleggingsarbeidet skal gjennomførast. Kva kommunen ser for seg må kome fram i søknaden.

I vedlagt grunnlagsdokument frå Helsedirektoratet står det på side 3 omtala mulege tiltaksmidlar frå 2017. Slike midlar ligg ikkje inne i denne tildelinga, men kan kome seinare i samarbeid med andre aktørar slik det er formulert frå Helsedirektoratet. Dette tilskotet skal knytast opp mot utviklings- og kartleggingsprosessar i kommunane.

For kommunane vil andre personar som set av arbeidstid og deltek i arbeidet med utviklings- og kartleggingsarbeidet telje med som ressursar. Det kan også vere spisskompetanse ein har som kan brukast som undervisningsressurs inn mot andre kommunar osb. Eigne lokale i kartleggingsarbeidet er også ein ressurs. Ønskjer kommunane å bruke ekstra eigne midlar/kroner til kartleggingsarbeidet utover den ramma som kjem frå Helsedirektoratet så kan kommunen det. Dette avheng av kor mykje ressursar kommunen vel å legge inn i utviklingsarbeidet i eigen kommune.

Av restmidlane skal fylkeskommunen sikre utvikling av program og metodar (særleg korleis ulike kvalitative metodar kan nyttast i kartlegginga, korleis mobilisere befolkninga osb), lage system for formidling og erfaringsdeling på regionalt nivå, samarbeid med høgskule/universitet, evaluering osv.

### Problemstillingar

I grunnlagsdokumentet på side 2 står dei to hovudproblemstillingane formulert. Med hovudmålet og delmåla i botn, kan de velje å avgrense desse. Det kan bli aktuelt med både regionale og lokale avgrensingar etter kvart som prosjektet utviklingar seg. Vektlegg momenta med å få fram ny og breiare kunnskap gjennom medverknad frå befolkninga her. Minner også på at Helsedirektoratet har etablert samarbeid med Husbanken, KMD, Miljødirektoratet og Vegdirektoratet. Dette er knytt til at nærmiljø handlar om alt frå tilrettelegging for aktivt friluftsliv i nærmiljøet til å ivareta folkehelseperspektivet i bustad-, areal – og transportplanlegging samt mykje, mykje meir. På eit av bilda i vedlagt powerpoint finn de ulike måtar å forstå nærmiljø på. Den nye folkehelsemeldinga omtalar også nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling i kapittel 6.

### Samarbeid med høgskule/universitet

Hordaland fylkeskommune etablere avtale med utdanningsmiljø.

For meir informasjon ta gjerne kontakt med Else-Marie B Aarø eller Anne Mette Nesje Porten.

Beste helsing

**Anne Mette Nesje Porten**  
Spesialrådgjevar Folkehelse  
Regionalavdelinga | Utviklingsseksjonen

Mob: 55 239278 / 99 64 25 77 | e-post: [annport@hfk.no](mailto:annport@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Else-Marie Aarø**  
Spesialrådgjevar Folkehelse  
Regionalavdelinga | Utviklingsseksjonen

Tlf: 55 378029 / 924 79 790 | e-post: [else-marie.aaro@hfk.no](mailto:else-marie.aaro@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)